

# UTKAST

07-February-2018

## SVAR PÅ UNDERSØKELSE OM DEMENSTILBUD I KOMMUNENE:

SPØRSMÅL	SVAR:				
	Meland	Lindås	Radøy	Austreim	Masfjorden
Har kommunen en demensplan?	V/ Helge Kvam	V/ Leni Dale	V/ Mette Fauskanger	V/Åshild Olsson og Monica Kvamme	V/Elin Kjersti Eikemo
Eit tilbod som skal bli lovpålagt i følge Demensplanen 2020 er dagtilbod for personar med demens.	Meland kommune har ikkje eigen demensplan. Satsing er imidlertid omtala i eigen Mål- og strategiplan 2016-2019.	Lindås kommune har ikkje eigen demensplan.	Radøy Kommune har ikkje ferdigstilt ein eigen demensplan, vert ein del av den kommande helse og omsorgsplanen for kommunen.	Austrheim har pr dags dato ikkje demensplan.  Me har som mål å få skrevet ein plan i løpet av hausten 2017.	Nei, ikkje eigen pr. i dag. Demens er tema er omtalt i andre planverk som helse- og omsorgstenesteplan og kompetanseplan.
a. Kva dagaktivitetstilbod har de til personar med demens i dykkar kommune?	a) Personar med demens kan ta del i dagsenterstilbod i kommunen. Sjå <a href="http://www.meland.kommune.no/dagsenter-for-eldre.301102.nn.html">http://www.meland.kommune.no/dagsenter-for-eldre.301102.nn.html</a>	a) Det er 3 dagtilbod for demente.	a) Dagavdelinga er open 08,00 - 15,00 alle dagar, mange ulike aktivitetar/tilbod	a) Me har dagtilbod for heimebuende demente hver tirsdag på det gamle aktivitetshuset vårt. Resten av veka tilbyr me daglassane for demente på Nordliheimen ( 2 dager). Det driftes av aktivitør og frivillig.	a) Me har eit differensiert tilbod. Sentralt på sjukeheimen har demente tilbod på arbeidsstova kvar dag saman med andre, for dei som ikkje treng eige skjerma tilbod. På dementavdelinga Nystova kan einskilde personar med særskilt behov få dagtilbod kvar dag. Lokalt er det ulike tilbod demente kan delta på kvar 14. dag til ein dag pr. månad – eit samarbeid med frivillige og heimetenesta.
b. Og er aktivitetstilbodet ope heile året?	b) Ja	b) Dagaktivitetstilbodet er ope heile året.	b) Ja alle virkedagar, kun unntatt dei 4 ukene aktivitøren har feriavvikling. Ved spesielle høve får brukarar kome også om sommaren.	b) Dagtilbudet er åpent heile året unntatt dei 4 ukene aktivitøren har feriavvikling. Ved spesielle høve får brukarar kome også om sommaren.	b) På arbeidsstova er det stengd om lag 3 veker om sommaren. Lokale tilbod er stengd om sommaren. På Nystova er det ope heile tida

<p><b>c. Korleis organiserar kommunen transport til og frå dagtilbodet?</b></p> <p><b>d. Har de eiga tilbod til yngre personar med demens?</b></p>	<p>c) Har eigen bil og sjåfør mtp transsport dagsenter. Det er krav om brukarbetaling.</p> <p>d) Nei ikkje pt.</p>	<p>c) Transport til dagsenter vert gjort av heimetenesta, med drosje og ved at dagavdelinga henter nokre brukarar sjølv. Dette vert tilpassa etter behov.</p> <p>d) Vi har ikkje eige tilbod til yngre personar med demens.</p>	<p>c) Kommunen har to eigne bilar knytt til dagtilbodet, personaltet på dagavdelinga hentar og leverer dagbrukarane.</p> <p>d) Vi jobbar med dette, målsetnad er å få tilintroduksjon av yngre brukarar i eiga gruppe.</p>	<p>c) Det er aktivitør eller hjemmesjukepleien som står for transport til og fra dagtilbodet.</p> <p>d) Me har i dag ikkje et tilbud til yngre pasienter med demens</p>	<p>c) Dette organiserar heimetenesteavdelingane i samarbeid med forvaltningstenesta. Det er ulike transportordningar. Heimetenesta kjører nokon, tilsett på arbeidsstova hentar nokon, drosje kjører nokon ein dag, og nokon blir henta av sjåfør i kommunen i communal 9 seter bil.</p> <p>d) Ved behov har me hatt og kan ha ein avtale med plass på «Inn på tunet».</p>
<p><b>3. Har kommunen eit Hukommelsteam/De mensteam, og korleis er det organisert?</b></p>	<p>Ja. Leiar for team har satt av eiga tidsressurs til arbeidet. Det føreligg eiga brosjyre om arbeidet jfr. <a href="http://www.meland.kommune.no/hukommelsteam.336944.nn.html">http://www.meland.kommune.no/hukommelsteam.336944.nn.html</a></p>	<p>Kommunen har ikkje hukommelsteam pr. i dag.</p>	<p>Ein har jobba med dette, men det har vore vanskeleg å få denne opp og gå. Litt utfordringar knytt til samarbeid legekontor og avklaringar kring ulike oppgåver, gjennomføring av desse. ( MMS testar mm )</p>	<p>Kommunen har hukommelses team bestående av Lege, sykepleier i heimesjukepleien og sjukepleier på Nordlia (kommunene skjermet enhet)</p>	<p>Me har hatt ei demensteam som har opparbeidd seg god kompetanse på kartlegging og har reist ut til personar med demens og bidrige i kartlegging ved korttidsopphald. Dette har vore tilsette ved demensavdelinga og kommuneoverlegen. Seinare år har det fungert meir som ein ressurs inn mot heimetenesta med råd og rettleiing og tatt nokon kartleggingsbesøk. No i haust vert dette arbeidet knytta til</p>

					primærhelsearbeidet ved legekontoret. Dette arbeidet vert organisert ved nytilsett sjukepleiar (driftsleiar) ved legekontoret
<b>4. Kva rutinar har kommunen for å følgje opp ein person som nettopp har fått demensdiagnose? Korleis vert personen med demens og deira pårørande fylgt opp når diagnosen er stilt?</b>	Avtaler med fastlege/demensteam utfrå til ei kvar til gjeldande behov – sjå brosjyre.	Informasjon om tenesta/tenesteskildringar ligg på kommunen si heimeside. Pårørende tek kontakt med Forvaltningskontoret og sender søknad.Tenesta vert tildelt etter behov. Fastlegar og heimetenesta fangar opp nye behov og tek kontakt med Forvaltningskontoret.	Kommunen har inga særskild rutine knytt til nyoppdaga demens, det vert jobba med å etablera pårørandeskule ( startar hausten 2017 ) Elles er det individuelle tiltak ut frå behov / vurdering.	Det er svært godt samarbeid mellom fastleger og hjemmesjukepleien ( Hukommelsteam) Jevnlig kontakt mellom fastlege/heimesjukepleien og institusjon. Har fått og tatt i bruk utredningsverktøyet «basal utredning for hukommelsteam» fra aldring og helse.	Har ikkje fastsette rutinar pr. i dag. Men dette vert jobba med v/primærhelsearbeidet på legekontoret. Dette vert fulgt opp individuelt utifrå den einskilde sine behov og situasjon. Det vert organisert møte med pårørende ved behov.
<b>5. Korleis driv de opplæring av dei tilsette i heimetenesta og på institusjonar som skal jobbe med personar med demens?</b>	Kommunen tar del i kompetanseheving m.a. via Demensomsorgen ABC. I tillegg har 3 stk i heimetenesta og 3 stk ved sjukeheim etablert vidareutdanning i avansert gerontologi.	Lindås kommune har ein høg andel fagkompetanse tilsett i helse og omsorgstenestene. Demensens ABC har vore gjennomført både i sjukeheimstenesta og i heimetenesta. Det er nyleg starta opp ei ny gruppe på denne opplæringa.	Det har vore kjørt undervisning jmf demensens ABC, i tillegg har ein del personell vore på andre demensrelaterte kurs. Kursdeltakarane har så eit ansvar i forhold til intern opplæring til resten av personalgruppa.	I fra 2010 til 2014 Hadde Austrheim kommune Demensomsorgens ABC for annsatte i pleie og omsorg. Her deltok også kjøkken personell og reinholds personell. Flest tok perm 1 og 2, mens nokre fulgte opp med perm 3 og. I september 2017 vill det på ny bli gitt tilbud om å starte på demensomsorgens ABC perm 1 i et interkommunalt samarbeid med andre kommuner i Norhordaland for ansatte i kommunen. Det er og slik at dei som har vert på kurs innen demens må ha intern undervisning	Alle tilsette har fått tilbod om og over 40 har deltatt på og gjennomført demensomsorgens ABC 1,2 og 3. Tilsette får tilbod om å reise på fagdagar og kursdagar.